



## Årsmelding frå fotballgruppa for 2022

### A-laget

Trener: Geir Holmen med Henrik Myklebust som lagleiar.

A-laget var tilbake til normale treningar etter koronarestriksjonane vart fjerna. Dei hadde 28 aktive som betalte treningsavgift, samme som året før. Serien gjekk som normalt og dei vant til slutt 6. divisjon, men tapte opprykkskampane og blir ståande i 6. divisjon også i 2023. Dei spelte til saman 18 kampar i serie i tillegg til kretsmesterskapskampane på hausten. Første kamp var 19.04. og siste seriekamp 11.10. Vi fortsette med open kiosk på heimekampane med salg av kaffi og vafler og det kom godt med folk. Økonomisk var det fortsatt ingen kjempesuksess, men vi gjekk i pluss og det er kjekt å ha det tilbodet til folk som kjem på kamp. A-laget hadde fleire sosiale samlingar og ei markering av avslutning på sesongen på hausten. Viktige tiltak for at det skal være meir enn kun trening og kamp når ein spelar på Haugen.

### Barnefotballen

Treningsdager: G11 mandager og onsdagar når det ikkje var kamp. Aldersgruppa 2013-2017 hadde trening torsdager klokka 18-19.

➤ Trener:

Mix 5-7: Ove Mikal Haveland med Solbjørg Haveland og Ingunn Skåtun som back-up.

J9: Dei trente ein del saman med G9, men dei hadde også trening for seg sjølve når vi hadde trener til dei. Dei stilte på cup sammen med Heia og fekk mange kampar gjennom sesongen sjølv om dei ikkje spelte serie.

G9: Kay Rune Solheim

G11: Ove Mikal Haveland med Sindre Lillebø som lagleiar.

På hausten deltok Ove Mikal Haveland, Sindre Lillebø, Hilde Katrine Engeli og Ole Aleksander Hopland på Grasrot-trenerkurs på Eid.

➤ Sesongen:

Oppstart av utesesongen var som vanleg etter påske.

Vi kom bra i gang med sesongstart og seriespel med to lag i serie, G9 og G11, i tillegg til A-laget. På cup stilte vi med mange lag og hadde mellom tre til fem lag påmeldt til kvar cup.

Vi deltok på Eid Extra-cup 23. april, Kongleriket cup på Stadtlandet 8. mai, Seljecup med G11 11. juni, Kongleriket cup i Selje 12. juni, Kongleriket cup på Eid 28. august, Kongleriket cup i Nordfjordhallen 22. september og Toyotacup i Nordfjordhallen 12.-13. november. På Kongleriket-cup så stilte vi med G6, J6, J7, G9 og J9.

Årets treningar ute for G11 blei begynt på Hjelle saman med Heia pga. at bana på Klenkarberget ikkje var klar for bruk og vi fekk gode treningar saman med G12 på Heia. G11 spelte 17 kampar der første seriekamp 4. mai og siste kamp 26. oktober. Dei siste heimekampane blei spelte på Eid grunna lysbehov og dei siste treningane hadde vi saman med Heia G12 på Hjelle grunna lysbehov.

G9 trente inne på Stårheim til det var klart å spele ute. Dei spelte 9 kampar i serie der første kamp var 10.05. og siste kamp var 05.10.

Etter sesongen fortsette vi som i fjor med innetrening gjennom vinteren for dei som skulle i gang med seriespel kommande vår. Treningane foregjekk i hallen på Stårheim onsdagar for både G11 og G9.

### **Dugnadar, drift og økonomi**

Ein rimeleg normal sesong etter to år med pandemi.

Totalt antal medlemmer ved årskiftet i fotballgruppa var 91 stk med, spelarar, trenarar og styret.

Det blei gjennomført totalt to stk. flaskeinnsamlingar, ei etter påske og ei før haustferien. Vi fekk totalt inn 26 087kr på flaskeinnsamling, ca. det samme som i fjor.

No når Malakoff var i gang igjen så hadde A-laget dugnad med demontering av lyslenker og kablar etter at festivalen var ferdig. Dette gav oss ei inntekt på 4200kr.

Som tidlegare omtalt på diverse styremøter så har vi jobba med å få på plass utstyr for å auke dreneringa i bana på Klenkarberget. Etter samtale med andre aktørar og leverandørar av slikt utstyr så endte vi opp med å bestille ein knivluftar til bana på hausten. Denne blei brukt etter sesongslutt for å auke dreneringa gjennom vinteren og vi må få på plass sand og utstyr til sanding av bana våren 2023. Fotballgruppa betalte 10 000kr for knivluftaren og hovedstyret betalte overskytande på ca. 40 000kr.

Vi søkte om utstyrsmidlar for 3v3-bana som blei kjøpt inn i 2021 og fekk 8045kr att på det kjøpet.

I november fekk vi ei bot for manglande dømning i seniorfotballen gjennom sesongen. Dette kom svært overraskande på oss då hverken dommarar eller krets hadde indikert at det var problemer med dommarstallen vår. Etter ein del telefonar og e-postar for oppklaring viste det seg at våre to aktive dommarar hadde trekt seg utan å sei frå til klubben. No står vi utan aktive dommarar på seniornivå og må jobbe ekstra hardt med å få på plass dommarar i tida framover så vi unngår bot igjen og kan bidra på dommarsida i kretsen. Dette viser kor

viktig det er med jevnt arbeid med dommar-rekruttering og ikkje minst at ein har spelarar i klubben over 15år som kan ta rekrutteringsdommarkurs.

Etter sesongslutt så kom det søknadsordningar som ein kunne søke på som støtte for manglande medlemskontigentar og treningsavgifter i barneidretten. Ordninga kom både frå kommunen og Vestland idrettskrets. Då vi ikkje tek treningsavgift for borna og betalar alle spelar - og lagsavgifter på cup så søkte vi på begge ordningane. Vi fekk støtte frå begge ordningane, men kun den eine kom på konto før årskifte. MVA-kompensasjonen kom heller ikkje på konto før i januar så alt i alt gjekk vi 6543kr i minus, men fekk ca. 22000kr på konto i januar som hjalp på bunnlinja.

Vi hadde ein del kontakt med Heia etter sesongen for å avklare om vi fekk med oss spelarar derfrå til våre lag som skulle i serie i 2023. Fasiten kjem på neste årsmelding.

Vi hadde også eit møte før jul med trenarar for å fordele lag og avklare treningstider. Det var eit godt og konstruktivt møte med mange avklaringar og trenarkabalen er klar for 2023.



## Styret

Styret blei samansett slik etter årsmøtet 2022:

Ove Mikal Haveland	Leiar	Vald for	2021-2023
Ovar Holmen	Styremedlem	Vald for	2021-2023
Ingunn Skåtun	Kioskansvarleg	Vald for	2021-2023
Michelle Bruvoll	Kasserar	Vald for	2020-2022
Christian Fjelle	Fairplay ansvarleg	Vald for	2021-2023

Styret hadde tre fysiske møter gjennom sesongen og tok resten av avklaringane digitalt. Ingunn tok seg av kiosken på A-lagskampane når ho hadde anledning, Ove Mikal tok kiosken når ho ikkje kunne. Christian og Ovar bidrog som trenarar på G9 og J9 når dei hadde anledning. Thomas Bratliee Haugland var avtroppande kasserar og Michelle overtok etter nytt styre var sett. Grunna jobbmessige utfordringar så trekte ho seg som kasserar og Ove Mikal overtok oppgåva som kasserar igjen. Michelle fekk då oppgåva sekretær i styret.

**Målet vårt er at fotballen skal rulle og barn og vaksne skal få glede av det!**

Takk til alle som har bidratt!